



Velkomne til Korpsfestivalldal 2020



Bli med oss på årets sommarstemne i Valldal – til musikalsk moro og spennande utfordringar i klatreparken og friluftsbadet!

Kjære korpsvenner!

Velkomne til eit forfriskande sommarstemne i Valldal helga **19.-21. juni 2020**.

- Vi gir sommaren ein pangstart og lovar mange kjekke opplevingar både med og utan uniformer og instrument – og både oppe i trea og nede i vatnet!
- Vi har eventyrlege samarbeidspartnarar i Valldal Aktivitetspark og Tafjord Friluftsbad – så dette blir ikkje kjedeleg!

valldalaktivitetspark.no • norddal.kommune.no/turist/tafjord-friluftsbad/

- Vi skal fylle bygda med musikk! Utgangspunktet for helga er Martin Linge-huset i Valldal. Her blir det konsertar, mat, lek og moro.

Pris: 1200,- per deltakar

Påmeldingsavgift: 3000,- per korps

Ved påmelding før 1. desember 2020 vert påmeldingsavgifta redusert til 1000,-

Siste frist for påmelding er **1. februar 2020**.



Deltakaravgifta dekkjer alle aktivitetar, overnatting på skule, stemnemedalje og god mat!

PÅMELDING:

Send e-post til post@valldalskulekorps.no med følgjande informasjon:

- forventa tal på deltakarar (medl. og leiarar)
- kontaktperson (namn, e-post og tlf. nummer)

Vi informerer fortløpande om stemnet på valldalskulekorps.no.

Følg oss på Facebook: [Korpsfestivalldal](https://www.facebook.com/Korpsfestivalldal)



Vi gler oss til å treffe dykk!